

Sikring av Kleivadalssvingen

09.06.2010



I haust skal denne problematiske svingen sikrast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etterat bilar to gonger har gått gjennom hekken og ned i hagen til familien Hauge i Kleivadalssvingen skal han endeleg sikraast, opplyser Kvinnheringen.

Vegvesenet lovar no rekkrverk og det kjem til hausten. Sist torsdag kom også ein tilhengjar på besøk!

Det er i retning sørover - som venstresving - svingen har laga problem for einskilde bilførarar.

Utforkøyringane starta etter at riksvegen vart omlagt i samband med bygginga av gang- og sykkelvegen. Familien Hauge tør no ikkje bruka øvre delen av hagen og fryktar den dagen dei får eit stort køyrety inn i huset. Dei tre barna i familien har forbod mot å leika på oppsida av huset.

Så tidleg som for 3 år sidan var vegvesenet på synfaring utan at det vart noko løyving.

Men no, etter ei ny synfaring, skal det endeleg skje noko. Vegvesenet slår fast at radien i kurva er uheldig og rekkrverket vil bli forlenga med 25 meter. Dei skal grava seg ned på ein murkant og setja opp stålrekkrverk og arbeidet skal gjerast i september/oktober.